

# Takstretningslinjene for bussrutene

Gjeld frå og med 01.10.2017 (for Møre og Romsdal)

## Innhald

1. Reisebillett	2
<i>Reisekort</i>	2
1.1 Vaksen enkeltbillett	2
1.2 Overgangsbilletter	2
1.3 Periodebillett	2
1.4 Periodebillett «område»	2
1.5 Reispenger / Verdikort	2
1.6 Periodebillett Ungdom	2
1.7 Grupperabatt på enkeltbillett	3
1.8 Barn	3
1.9. Skule- og studentrabatt	3
1.9.1 Skule- og studentrabatt på enkeltbillett	3
1.9.2. Skule- og studentrabatt på periodebilletter	3
1.10 Fri reise for ledsager til funksjonshemma	3
1.11 Honnørrabatt	3
1.12 Vernepliktig personell og siviltenestepliktige	4
1.13 Periodebillett buss / ferje eller buss / hurtigbåt	4
2. Reisegods, sykkel, hund	4
2.1 Reisegods, sykkel, sparkstøtting mv.	4
2.2 Hund	4
3. Refusjonar og gebyr	4
3.1 Periodebillett	4
3.2 Refusjon av periodebillett ved sjukdom	4
3.3 Gebyr	4

# 1. Reisebilletter

## *Reisekort*

Reisekortet er eit plastkort som du fyller opp med billetter eller reise pengar. Ved fornying av billetter og påfyll av reise pengar beheld du same reisekort - du fornyar berre innhaldet. På kortet kan du leggje inntil åtte ulike billetter (periodebilletter og enkeltbilletter m.m.). I tillegg har kortet ein verdidel kor du kan setje inn pengar og nytte verdidelen til kjøp av enkeltbilletter og periodebilletter.

## *FRAM-appen*

I FRAM-appen kan du kjøpe både enkeltbillettane og periodebillettane rett på mobilen din. For ytterlegare informasjon om appen, sjå [sals- og bruksvilkåra for FRAM-appen](#).

### 1.1 Vaksen enkeltbillett

Det er sonebillettering i Møre og Romsdal, og taksten bereknast utifrå tal soner frå og med avreise, til og med reisas slutt punkt. For pris sjå vedlagte takstabell.

### 1.2 Overgangsbilletter

Det kan løysast gjennomgåande billett på bussrutene i Møre og Romsdal. Billetten er gyldig for ny reise innanfor ankomstsonen i det tidsrommet som framgår av billetten (vanligvis innan 1 time etter berekna ankomsttid).

### 1.3 Periodebillett

Periodebilletten gjeld ein bestemt person på ei bestemt reisestrekning. Det gjeld for eit uavgrensa tal reiser i perioden det er gyldig. Periodebilletten gjeld frå dato til dato. Reisekortet skal innehalde eit fotografi av den reisande.

Dersom ferje/hurtigbåt er ein del av reisestrekninga, sjå punkt 1.13.

Eventuelle bompenger er inkludert i billettprisen.

### 1.4 Periodebillett «område»

**Periodebillett «område» er gyldig innanfor avgrensa ruteområder.**

Takstar for dei ulike områda i Møre og Romsdal finnes i taksttabellen.

### 1.5 Reise pengar / Verdikort

Reisekortet har ein verdidel kor du kan fylle på pengar. Med reise pengar kan kortet nyttast som betalingsmiddel på buss og hurtigbåt. Kortet kan nyttast til betaling av enkeltbillett, gruppebilletter, månads kort og til betaling av frakt.

Bruk av verdikort / reise pengar gir 17% rabatt på vaksen enkeltbillett.

### 1.6 FRAM Ung

Periodebillett ungdom gir rett til eit uavgrensa tal reiser innan Møre og Romsdal fylke i den perioden billetten gjeld for. Billetten gjeld for aldersgruppa til og med 22 år, og gjeld reiser med buss-, hurtigbåt- og ferjeruter og med bussrute gjennom bomstasjon. Kortet gjeld ikkje på nattbussar, flybussar og kommersielle ruter.

## 1.7 Grupperabatt på enkeltbillett

Grupper på to eller fleire som reiser saman og løyser felles billett, får 25 % rabatt på enkeltbillett når strekninga er 7 sonar eller lengre.

Grupperabattane gjeld berre vaksne og barn, ikkje for t.d. vernepliktige og honnørreisande, men dei kan telje med for å utgjere ei gruppe.

## 1.8 Barn

Barn under 4 år: Reiser fritt når reisa skjer saman med en voksen person. Barnehagar krevjast for barnetakst også for yngre barn enn 4 år.

Barnetakst skal betalast frå og med fylte 4 år til og med 15 år. Barnetaksten er 50 % av vaksen enkeltbillett takst.

## 1.9. Skule- og studentrabatt

Reisande må syne gyldig skule- eller studentbevis for å oppnå skule- og studentrabattar. For å ha rett til studentrabatt må den reisande være heiltidselev ved vidaregåande skule, eller ein av fagskulane i fylket, eller heiltidsstudent ved høgskule eller universitet. Godkjent legitimasjon er skulebevis frå vidaregåande skuler i fylket, skulebevis frå fagskolen i Ålesund eller Kristiansund, eller studentbevis med kvittering for betalt semesteravgift frå universitet eller høgskule. Studiebevis for vårsemesteret gjeld til og med august, og høstsemesteret til og med januar.

### 1.9.1 Skule- og studentrabatt på enkeltbillett

Skuleelevar og studentar får 50 % rabatt på enkeltbillett på reiser frå 12 soner ein veg i Møre og Romsdal og reiser til/frå Sør-Trøndelag. For kortare reiser enn 12 soner kan ein løyse billett for 12 soner.

På fylkesoverskridande ruter mellom Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane, sjå kringom.no

### 1.9.2. Skule- og studentrabatt på periodebilletter

Skoleelevar og studentar får 40 % rabatt på ordinære periodebilletter (gjeld ikkje Periodebillett «område»).

## 1.10 Fri reise for ledsager til funksjonshemma

Ledsager til funksjonshemma som har ledsagerbevis reiser fritt saman med den funksjonshemma.

Ledsagerbevis skal vere utskrive av kommunen der den funksjonshemma høyrer heime.

## 1.11 Honnørrabatt

Honnørrabatt er 50 % av vaksen enkeltbillett takst, og gjeld alle som er over 67 år eller som mottar uførepensjon etter folketrygdloven eller er blinde.

Ektefelle, registrert partner eller sambuar i følgje med person som har rett til honnørbillett har sjølv rett på honnørbillett.

Honnørrabatt kan ikkje kombinerast med andre rabatterte billettformer.

Dei som gjer krav på honnørbillett må vise godkjent legitimasjon.

### 1.12 Vernepliktig personell og siviltenestepliktige

Vernepliktig mannskap og siviltenestepliktige får 50 % rabatt på vaksen enkeltbillett. Vernepliktige og siviltenestepliktige har ikkje krav på andre rabattformer (som t.d. studiemoderasjon eller grupperabatt) i tillegg.

Vernepliktboka tener som legitimasjon. For innkallingsreiser gjeld innkallingsordren som legitimasjon.

### 1.13 Periodebillett buss / ferje eller buss / hurtigbåt

Det blir selt gjennomgåande periodebillett buss / ferje.

Buss / hurtigbåt: Samordna periodebillett seljast på enkelte strekningar.

## 2. Reisegods, sykkel, hund

### 2.1 Reisegods, sykkel, sparkstøtting mv.

Reisegods inntil 20 kg kan fritt takast med.

For større gods som sykkel, sparkstøtting og liknande skal det betalast barnetakst – maksimalt kr. 100,-. Det er gratis med liten, men ikke stor, sparkesykkel på buss.

### 2.2 Hund

Hund kan tas med mot betaling av barnetakst. Hunden skal haldast i band under transporten og ikkje være til sjenanse for andre. Førarhund saman med blind, politihund og anna tenestehund i teneste reiser fritt.

## 3. Refusjonar og gebyr

Krav om refusjon meldast til billettavdelinga ved Fram Kundesenter.

### 3.1 Periodebillett

Periodebillett kan løysast inn i den perioden det er gyldig for. Det vert sett på som om billetten er nytta t.o.m. den dag billetten vert sperra. Refusjon vert gjeve etter denne formelen:

Pris for periodebillett med frådrag av 2 reiser pr. dag til enkeltbillett minus 17% rabatt.

### 3.2 Refusjon av periodebillett ved sjukdom

Billetten blir sperra for bruk, og refusjon vert gjeve mot legeerklæring med 1/30 av kortprisen (30-dagers kort) pr. dag kortet ikkje har vore nytta.

### 3.3 Gebyr

Reisande som ved kontroll ikkje kan vise gyldig billett eller kort, skal i tillegg til billett betale eit gebyr på kr 500,- ved betaling på staden. Viss det må sendast faktura, vert gebyret sett til kr. 750,-.